

Bykle kommune
Rådmannsstaben

Melding om vedtak

rådmannen for oppfølging

Vår ref:
2012/493-2

Sakshandsamar:
Tallak Hoslemo, ☎ 37938500

Arkivkode:
L70

Dato:
06.11.2012

Mogeleighet for fast busetting i fritidsbustader

Rådmannen si tilråding:

Bykle kommune ser positivt på fast busetting i hytter/fritidsbustader.

Bykle kommune opnar for tillatelse/mogeleighet til fast busetting gjeve gjennom dispensasjon etter PBL Kap 19. Innvilga løyve gjeld for 10 år.

Planutvalet får fullmakt til å handsame søknadar.

- Dispensasjon forutset at søkjar melder flytting til fritidseigedomen minimum 3 månader etter innvilga dispensasjonssøknad. Viss ikkje flytting vert meld innan fristen feld dispensasjonen vekk.
- Kommunale avgifter gjeld som for bustader
- Dersom det er behov for skuleskyss vil skyssgrensa for dei ulike årstrinna bli rekna frå hovudveg til skule.

Saksprotokoll i Planutval - 15.10.2012

Behandling:

Saka vart drøfta

Framlegg frå Tor Hallvard Mosdøl (Sp) om å utsetje saka

Vedtak:

Framlegget frå Tor Hallvard Mosdøl falt med 6 (Olav Mosdøl,Sp, Jarle Sørenesen H, Torvald Gautland H, Nina Skiftenes U, Anne K Blix Grimestad Ap og Jan D Dalen Ap) mot 1 røyst (Tor Hallvard Mosdøl Sp)

Rådmannens tilråding vart vedteke med 6 røyster (Olav Mosdøl,Sp, Jarle Sørenesen H, Torvald Gautland H, Nina Skiftenes U, Anne K Blix Grimestad Ap og Jan D Dalen Ap) mot 1 røyst (Tor Hallvard Mosdøl Sp)

Saksprotokoll i Kommunestyre - 25.10.2012

Behandling:

Saka vart drøfta

Tilleggsframlegg frå Tor Hallvard Mosdøl (Sp):

Ordninga evaluerast etter 3 år.

Vedtak:

Rådmannens tilråding vart vedteke med 12 røyster (Kay Jeiskelid H, Bjørn Einar Andersen H, Jarle Sørensen H, Torvald Gautland H, Nina Skiftenes U, Espen Mikkelsen V, Dag Hovden Ap, Lars Erik Domaas Ap, Hans Blattmann Ap, Jan Dalen Ap, Åsmund Hoslemo Sp, Jon Rolf Næss Ap) mot 1 røyst (Tor Hallvard Mosdøl, Sp) som vart gjeve for tilleggsframlegget til Tor Hallvard Mosdøl.

Med helsing

Tallak Hoslemo
rådmann

Arkiv:
Saksmappe: 2012/493-1
Sakshandsamar: Tallak Hoslemo
Dato: 31.07.2012

Saksframlegg

Bykle kommune

Saksnr.	Utval	Møtedato
64/12	Planutval	15.10.2012
125/12	Kommunestyre	25.10.2012

Mogeleighet for fast busetting i fritidsbustader

Rådmannen si tilråding:

Bykle kommune ser positivt på fast busetting i hytter/fritidsbustader.

Bykle kommune oppnar for tillatelse/mogeleighet til fast busetting gjeve gjennom dispensasjon etter PBL Kap 19. Innvilga løyve gjeld for 10 år.

Planutvalet får fullmakt til å handsame søknadar.

- Dispensasjon forutset at søkjar melder flytting til fritidseigedom minimum 3 månader etter innvilga dispensasjonssøknad. Viss ikkje flytting vert meld innan fristen feld dispensasjonen vekk.
- Kommunale avgifter gjeld som for bustader
- Dersom det er behov for skuleskyss vil skyssgrensa for dei ulike årstrinna bli rekna frå hovudveg til skule.

Saksprotokoll i Planutval - 15.10.2012

Behandling:

Saka vart drøfta

Framlegg frå Tor Hallvard Mosdøl (Sp) om å utsetje saka

Vedtak:

Framlegget frå Tor Hallvard Mosdøl falt med 6 (Olav Mosdøl,Sp, Jarle Sørenesen H, Torvald Gautland H, Nina Skiftenes U, Anne K Blix Grimestad Ap og Jan D Dalen Ap) mot 1 røyst (Tor Hallvard Mosdøl Sp)

Rådmannens tilråding vart vedteke med 6 røyster (Olav Mosdøl,Sp, Jarle Sørenesen H, Torvald Gautland H, Nina Skiftenes U, Anne K Blix Grimestad Ap og Jan D Dalen Ap) mot 1 røyst (Tor Hallvard Mosdøl Sp)

Saksprotokoll i Kommunestyre - 25.10.2012

Behandling:

Saka vart drøfta

Tilleggsframlegg frå Tor Hallvard Mosdøl (Sp):

Ordninga evaluerast etter 3 år.

Vedtak:

Rådmannens tilråding vart vedteke med 12 røyster (Kay Jeiskelid H, Bjørn Einar Andersen H, Jarle Sørensen H, Torvald Gautland H, Nina Skiftenes U, Espen Mikkelsen V, Dag Hovden Ap, Lars Erik Domaas Ap, Hans Blattmann Ap, Jan Dalen Ap, Åsmund Hoslemo Sp, Jon Rolf Næss Ap) mot 1 røyst (Tor Hallvard Mosdøl, Sp) som vart gjeve for tilleggsframlegget til Tor Hallvard Mosdøl.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Det er i dag fleire personar som bur fast i hyttene sine her i kommunen. Dei bruker mellom anna skule, barnehage og helsetenester. Nokre har meldt flytting til kommunen andre er pendlarar.

Det står i nokre reguleringsbestemmelser at det ikkje er lov med fast busetting i hytte/fritidsbustad. Etter plan og bygningslova vil det å bu i hytte/fritidsbustad vere ei bruksendring som er søknadspliktig.

Formelt grunnlag

Plan og bygningslova §20-1, andre ledd: «Tiltak som krever søknad og tillatelse»

Plan og bygningslova kap 12: «Reguleringsplan»

Plan og bygningslova kap19: «Dispensasjoner»

Opplæringslova §2-1: «Rett og plikt til grunnskoleopplæring»

Opplæringslova §7-1: «Skyss og innløsning i grunnskolen»

Opplæringslova §13-1: «Plikt for kommunen til å sørge for grunnskoleopplæring og spesialpedagogisk opplæring»

Lov om helsetenester §1-1, 1.ledd

Vurderingar og konsekvensar

Har vi nok bustader?

Det er i dag mangel på bustader både til kommunalt tilsette og dei som jobbar i det private næringslivet, særlig sesongarbeidarar. Det vil vere positivt at nokre bur i fritidsbustadene.

Kva for hytter vil dette gjelde?

Ut i frå dei krav byggeforskriftene sett for bygg til bustadformål, vil det i realiteten dreie seg om høgstandar hytter med tilknytning til kommunalt vatn- og avløpsnett. Pr i dag er det dei fleste hyttene på Hovden som har slik standard og etter kvart også mange i Midtregionen.

Men skal vi sette krav om kva for standard folk ynskjer å bu i?

Etter rådmannen si vurdering er det naturleg å sette krav til godkjente vatn- og avløpsløyser for å kunne innvilge løyve til fast busetting.

Kva for tenester vil dei ha behov for?

Skule, barnehage, helse, renovasjon, brann, feiing.

Satsane for kommunale tenester blir ut i frå bustad, ikkje fritidsbustad slik området er regulert til.

Drøftingar:

Saka har vore drøfta med tenesteleiarane og brannvesenet for å få ei tverrfagleg vurdering og uttale.

Har sett opp nokre tema som er drøfta:

- Barnehage og skule: Kapasitet, krav om skuleskys.
- Bumiljø: spesielt med omsyn til barn
- Helse, omsorg- og sosiale tenester: Auka belastning?
- Framkommelegheit: Er det akseptabelt med bom dersom det er fast busetting innafor området? Er det greitt å kome fram om vinteren?
- Adressering: Er snart ferdig med adresser til alle bustader og hytter
- Kommunalteknikk: Renovasjon, vatn, avløp, brann og feiing. Kva for reglar skal fastbuande i hytter følgje?
- Skattemessige inntekter for kommunen
- Ringverknader for næringslivet og andre

Det har ikkje kome inn negative merknader frå tenesteeiningane ovanfor nemde tema. Brannvesenet påpeikar at fast busetnad i hyttefelt må betale kommunale avgifter som andre fastbuande.

Bykle, 03.10.12

Tallak Hoslemo
Rådmann

Vedlegg:

Andre dokument i saka:

Melding om vedtak sendast:
Sakshandsamar for oppfølging